

Påske

Eit fast haldepunkt !

Andakt ved
sokneprest
Frode Kvamsøe

Bilete frå
konfirmantfest
og Godt Nytt-
Utdeling

Debatt:
Felles ansvar,
-felles
sokneråd ?

Nye
tenestedistrikt

Biletparti ovanfor
Tunnaset, Voss :



Foto: S Ulvund

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20,

e-post:

soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltilf 90 19 65 14

e-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrjekontoret
innan 1.juni

Neste nummer kjem ut i slutten av juni

Felles ansvar - felles sokneråd?

I desse dagar tek sokneråda for seg planane om ei forsøksordning for sokna i Vaksdal. Planane går ut på å tenkje seg eit felles sokneråd for prestegjeldet. Sokneråda skal sjølv vere med på å tilpasse den nye strukturen til lokale forhold dersom planane vert sette i verk. Du kan lese meir om dette inne i bladet.

Ikkje alle er med på desse planane, og ser dei som ei forlenging av skuledebatt og nedlegging av lokalsamfunnet. Andre ser det som eit forsøk på å styrkje den lokale kyrkja, samarbeide på tvers av soknegrenser, og nytte knappe ressursar best mogleg. Den positive vinklinga eg her legg opp til, er heilt medviten. Eg er, som kyrkjeverje, ikkje i tvil om at eit felles sokneråd er eit langt steg framover mot ei betre gjennomføring av våre oppgåver som kyrkje. Og" der framme" ser eg i tillegg ein kommune som står framfor store endringar. Soknerådet må stå fram som eit ansvarleg og profesjonelt organ, klar til å møte utføringane som den nye kommunestrukturen vil gje oss.

Saka om eit felles sokneråd har fleire sider. Lat oss håpe at alle sidene kjem fram, slik at avgjerda i ditt sokneråd vert tufta på rett grunnlag.

Svein Tøsse, kyrkjeverje.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

FUNNEN SKULDIG OG SETT FRI

Rettsaka har starta. Tiltalte står medan aktor les opp tiltalen, i form av eit spørsmål: Har du levd livet ditt rett og etter Guds vilje? - Eg har no gjort så godt eg kunne, svarar tiltalte. - Har du verkeleg det, spør aktor. Eller har du gjort så godt du ville? Slik at somme gonger har målet eigentleg vore å gjere

det til beste for deg sjølv, og andre gonger har du berre ikkje ville gjera det rette? - Jo, det er vel så, det. Men eg er i alle fall ikkje noko dårlegare enn andre folk, eg har då levd betre enn folk som sjefen og naboen. For ikkje å snakka om ho som går i kyrkja og trur ho er så god, men som eg veit likevel har nokre svin på skogen! - Det kan nok vere, seier dommaren, men det handlar ikkje om dei no. Det handlar om deg, om du har levd rett. Det er ikkje andre menneske livet ditt skal samanliknast med, men med Guds gode vilje for livet ditt.

Bevisa vert lagt fram. Ein får sjå filmen om tiltalte sitt liv, der alt han hadde gjort, sagt, tenkt og følt er med. Det same er alt av dette han ikkje har gjort. Bevisføringa er solid. Filmen viste mykje godt

frå livet til tiltalte. Men og mykje egoisme, urett og ulydnad. Tiltalte ser det sjølv, men vågar ikkje å endra på si eiga erkjenning, og held fast på at han må få sleppe fri. Så fell domen. Tiltalte er skuldig etter tiltalen. Straffa for brots-verket er den same som for alle dei andre som tidlegare er dømde for det same. Då er det ein i

salen som rekk opp handa si. - Vyrde dommar! Seier han. Eg er samd i domen din, tiltalte er skuldig. Men eg vil likevel ta staffa hans på meg, slik at han kan gå fri. Faktisk så har eg allereie gjort det. - Det er då eit uvanleg ynskje, kvifor i all verda vil du det? Du har ikkje gjort deg fortent til straff, har du? - Nei, svvara mannen, men eg gjer det likevel. Eg elsker den tiltalte, slik eg elsker alle menneske, og vil ikkje at ein einaste ein skal straffast så hardt. Jamvel om dei fortener det. Dersom du godtek det, dommar, treng berre tiltalte tru at dette verkeleg gjeld han. Då vert denne saka avslutta. Sjølv om tiltalte er skuldig, slepp han straffa. - Eg aksepterar at tiltalte slepp straff på grunn av det du har gjort for han, seier dommaren, og vendte seg til tiltalte: - Gjer du?

Ei god påskehøgtid til alle!

FEST FOR ÅRSKONFIRMANTANE OG 50-ÅRS KONFIRMANTANE

Stamnes sokneråd bad inn til fest i Stamnes Bedehus laurdag 23.oktober 2004 kl.18.00. Men alt kl.17.00 var det ei uformell samling i kyrkjesakristiet for å møtast att, helsa på kvarandre og drøsa litt før festen. Alle 50-års konfirmantane som hadde takka ja til festen, var også innom sakristiet. Soknerådet hadde sett fram frukt og brus som me smaka på medan praten gjekk som i gamle dagar. Ein tur inn i kyrkja var me og, der var fint pynta med blomar og lys til ære for oss. Alle fekk kvar si bok om Stamnes-kyrkja frå soknerådet.

Kl.18.00 fann me plass ved bordet vårt i bedehuset. Ved nabobordet sat ein fin flokk av årets konfirmantar og konfirmantprest Edvard Bø. Så var det familie til begge laga og bygdefolk elles som ville vera med på festen. Leiar i soknerådet Marit Sandal helsa alle velkommen. Ho og Eidrun Straume Normann delte på leiinga av festen.

I 1954 var me 14 stk. i konfirmantkullet. 2 av desse kunne ikkje vera med på festen, og 4 er

døde. Me mintest dei døde ved namn og kveikte eit lys for kvar av dei: Gudrun Nordheim, Roald Nese, Finn Roald Eikefet og Tormod Solhaug.

Festtalar var Kåre Mestad, pensjonert prost. Det var også nokre ungdomar frå Kongshaug Musikkgymnas som song og spela for oss. Kantor Olav Arne Steinkopf spela til songane. Me fekk og føde for kroppen: god gryterett, kaker og kaffi.

Mons Stamnes intervjuar 50-års konfirmantane som kunne fortelja både skjemt og alvor frå den sommaren Nicolai Lien underviste oss i kyrkja.

Soknerådet gav ei fin raud rose til kvar konfirmant, og vedlagt følgde eit kort med bibelsitat. (Roser visnar, men ordet består.) Består gjer også minnet om ein flott fest. Mange takk til Stamnes sokneråd som år etter år steller i stand fest for konfirmantane.

Laila Jakobsen, 50-års konfirmant



Foto: Håkon Jakobsen

50-års konfirmantar i Stamnes 23.10.2004

Konfirmert i Stamnes kyrkje 19.09.1954 av prest Nicolai Lien

Frå venstre: Sølvi Møster Onarheim, Marit Stamnesfet Gullbrå, Margot Leiren Hesjedal, Laila Flatekval Jakobsen og Bjarnhild Ulevik Grenasberg.

Bak frå venstre: Sverre Bjørkheim, Willy Eide og Steinar Jakobsen.



Foto: Laila Jakobsen

Konfirmantane 2004

Konfirmert i Stamnes kyrkje 9.mai 2004 av kapellan Edvard Bø

Frå venstre: Siv Marit Stamnes, Helene Farestveit, Jone Simmenes, Svein Halvor Tøsse, Stine Kulshamar, Heidi Berntzen og Merete Kallestad Hagen.

KONFIRMASJON VÅREN 2005

Eidsland kapell	24.april	kl.11.00
Vaksdal kyrkje	8. mai	kl.11.00
Dale kyrkje	8. mai	kl.11.00
Stamnes kyrkje	22. mai	kl.11.00
Nesheim kyrkje	5.juni	kl.11.00



Kunngjering:

Nye Vedtekter for kyrkjegardane i Vaksdal gjeldande frå 01.januar 2005 er godkjente i Bjørgvin Bispedømeråd. Forskriftene er lagt ut på følgjande stader:

Kyrkjekontoret Fabrikkveien 3, Dale, Kundetorget på Heradshuset, Dale. Spørsmål om vedtekter, festeavgifter og gravstell kan rettast til kyrkjekontoret på telefon 56 59 39 20.

GODT NYTT TIL 11-ÅRINGANE

Det har vore utdeling av Ny-testamente "Godt Nytt" til 11-åringane rundt om i kyrkjene våre.

I Bergsdalen kyrkje 23.jan. og Eksingedalen kyrkje 2.jan. var det 100 % frammøte.



Bergsdalen kyrkje 23.januar 2005

Foto: Per Småbrekke

Frå venstre: Maria Pettersen, Marita Fosse Osvold, Inger-Lise Bergo, Jarand Lid Trøen, Jonas Skjerveggen Pahlm, Åshild Fagerbakke Fosse og kapellan Edvard Bø.



Eksingedalen kyrkje 2.januar 2005

Foto: Mari Odland Trefall

Frå venstre: Anna Flatekval, Hege Marie Lavik, Olav Bergo (bak), Einar Trefall, Knut Trefall og kapellan Edvard Bø.

Felles ansvar, - felles sokneråd

Vaksdal kyrkjelege fellesråd går inn for ei forsøksordning med omorganisering av sokna.

Sokneråda i Vaksdal er bedne om å ta stilling til den nye modellen,

- og snart er det din tur til å seie di meining!

Kvifor forsøksordning?

I ei forsøksordning som denne kan ein prøve ut ei ny organisering av sokneråda utan å slå saman sokna og endre soknegrensene. Kvart sokn kan leggje føringar for korleis ein meiner eit felles sokneråd skal sjå ut, og kva oppgåver kyrkjelydsutvalet skal ta seg av. Ettersom det er soknet som er grunneininga i Den norske kyrkja er det opp til soknet å avgjere om ein skal gå inn på eit slikt samarbeid.

Forsøket skal skje innafor ein bestemt periode, til dømes den vanlege valperioden for soknerådet.

Små sokn, store oppgåver

Den norske kyrkja er i endring, og nye ordningar kjem til etter kvart. Sokneråda handsamar årleg ei stor mengd saker som kvart enkelt råd må ta stilling til. Slik ordninga er i dag, vert det brukt mykje tid og ressursar på å handsame saker som kunne vore avgjort i eit felles sokn. Kyrkjelova § 9 fortel kva oppgåver soknerådet har. Les gjerne gjennom lovteksten, som er vist på side 10, og sjå om du kjenner att soknerådet sitt arbeid i dette. Nye kyrkjelydsutval kan konsentrere seg om det lokale arbeidet i kyrkjelyden, og la det felles soknerådet stå for dei tyngste administrative oppgåvene.

Felleskapstanke

Det er ein fellesskapstanke bak framlegget. Det å kunne nyte godt av kvarandre sine gode idear, og sleppe utforme alle gode tiltak kvar for seg.

Sokna er kvar for seg så små at mange av dei gode tiltaka og støtteordningane som Den norske kyrkja tilbyr ikkje kan nyttast utan at sokna samarbeider.

Kyrkjelydsutvalet skal få fart på kyrkjelyden

Hovudoppgåvene til eit kyrkjelydsutval vert langt på veg dei same som i eit sokneråd. Men utvalet kan til dømes få betre tid til å ta seg av den praktiske delen av soknerådsarbeidet ute i kyrkjelyden, og motivere innbyggjarane til å ta eit tak der det trengs. Presten er med i kyrkjelydsutvalet, og ein av medlemmane i dette utvalet er med i det felles soknerådet.

-Utvalet kan finne personar til å hjelpe til med tilstellingar, festar, dugnadar og andre tiltak for kyrkja.

-Utvalet kan vere valnemnd og finne lokale kandidatar til soknerådsvalet for neste periode.

-Utvalet har sagt frå seg dei tyngste administrative oppgåvene som sokneråda er pålagde i dag.

Felles ansvar,

To år om gongen

Det går mot ei endring i valperioden. Mange ynskjer å redusere valperioden frå fire til to år. Tanken er at det skal vere lettare å seie ja til å delta i kyrkjelydsarbeidet, og lettare å seie ja til å vere med i eit utval for ein periode.

Mange har sagt nei til å stå på lista for val til soknerådet av di fire år tykkjest vere lenge. Kortare valperiode skal kunne gjere det lettare å rekruttere medlemmane våre til ein innsats.

Nådegåver kjem til nytte

I arbeidet i kyrkjelyden er det trong for menneske med ulike evner eller nådegåver. Korleis skal me klare å rekruttere desse? Nokon veit enno ikkje at dei kan gjere ein flott innsats for kyrkja, og meiner at dei ikkje strekkjer til. Eit kyrkjelydsutval kjenner lokalsamfunnet, og kan finne og oppmuntre dyktige medhjelparar. Den nye ordninga gjer at ein kan møte store og små utfordringar etter kvart, og venteleg få fart på det kristne arbeidet.

Kyrkjeverja foreslår denne fordelinga av representantar:

Framlegg til representasjon frå dei opphavlege sokna:

Eksingedalen	1	(112 medlemmar)
Nesheim	1	(84 medlemmar)
Eidsland	1	(122 medlemmar)
Stamnes	1	(480 medlemmar)
Dale	1	(1166 medlemmar)
Stanghelle	1	(732 medlemmar)
Bergsdalen	1	(94 medlemmar)
Vaksdal	1	(1118 medlemmar)
Til saman	8	(3908)

Med dette skal alle bygdene vere representert. I tillegg kjem geistleg representant, ein av prestane våre.

Når fellesrådssaker skal handsamast, deltek i tillegg representanten frå kommunen.

Framlegget er redusert frå 10 til 8 representantar i høve til framlegget i utgreiinga.

Eidsland og Stanghelle vert tilgodesett med eige kyrkjelydsutval

Det er ynskjeleg med representasjon frå kvar bygd, og særleg frå kvar kyrkje. Ved å opprette eit kyrkjelydsutval på Eidsland og eit på Stanghelle vonar ein at desse bygdene får meir direkte del i det

kyrkjelege arbeidet. Ved val av sokneråd vil det difor verte to vallister frå Stamnes sokn. Ei frå Eidsland, og ei frå Stamnes. Det same kan gjerast på Dale og Stanghelle om ein ynskjer det.

- felles sokneråd

Betre opplæring for soknerådet

Ansvar til soknerådet er stort, og opplæringa kan vere omfattande. Tidlegare har ein hatt 30 medlemmar som skulle setja seg inn i kyrkjelova og forskriftene. Med den nye ordninga kan talet verte 8. Kurs og opplæring av god kvalitet for eit effektivt sokneråd er innan rekkevidde.

Mindre administrasjon

Det vert i dag ført seks rekneskap for sokna og eitt for fellesrådet. Dette kan reduserast til 1 felles rekneskap. Fond, gåver og andre midlar vert verande i kvar kyrkjelyd, men rekneskapet vert felles. Mangfaldiggjering av dokument og referat til sokneråda er omfattande. Totalt er det 60 medlemmar og varamedlemmar i sokneråda i dag.

God planlegging er halve arbeidet.

Før eit slikt forsøk kan setjast i gang, må ein ha klart for seg kva ein vil oppnå. Samansetnad av utval, valordningar og mandat for dei ymse

kyrkjelydsutvala må vere fastsett. Vidare skal forsøksordninga evaluerast minst ein gong for året i forsøksperioden. Dersom arbeidet ikkje går etter føresetnadene kan det avslutast, eller det kan gjerast forbetringar i organiseringa.

”Kva skilnad vert det, for min del?”


Dette forsøket skal kunne kartleggje verknader som ikkje utan vidare kan tenkjast ut på førehand. Ein vil venteleg oppleve at ressursane kjem dei lokale kyrkjelydane til gode. Ein har tru på at det må kunne kome noko godt ut av auka fokus på samarbeid og lokal innsats.

”Har kje tid !”

Har du ynskje om å delta i arbeid i eller rundt kyrkja? Veit du med deg sjølv at du kunne vore med på ein dugnad eller ein festkomité? Det vil i vår travle kvardag verte lettare å melde seg på eit konkret prosjekt i kyrkjelyden når ein veit at ein ikkje binder seg for fire år.

Litt om forsøksordninga, sett frå departementet:

Kultur- og kirke departementet (KKD) godkjende i 2004 forsøk der sokna i fleirsoknekommunar fekk oppretta eitt felles sokneråd som har dei same representantane frå sokna som fellesrådet har. Sokna er framleis juridiske einingar, men det eine ”felles” soknerådet har alt



mynde etter Kirkelovens § 9.

Etter at regjering og storting i 2001 endra Kirkeloven og innførte ein heimel om endring i § 5, har sokna fått eit reiskap til å prøva ut struktur- endringar utan at grunnstrukturen vert endra. Eit forsøk kan gje rom for tvil, og hindre frontar og splitting lokalt.

Eit forsøk kan avsluttast utan at det skjer ubotelege skader, og gjev oss høve til å prøve ut ordninga. Det er sagt at forsøksordninga kan vere særleg tenleg i mindre kommunar med mange sokn, noko som kan tala til vår fordel.

SOKNEMØTE

I samband med forsøksordninga med felles sokneråd vert det kalla inn til soknemøte følgjande stader:

Bergsdalen sokn:

31.mars kl.12.45, Bergsdalen skule etter kaféen.

Eksingedalen og Nesheim sokn

31.mars kl.20.00 Bergo skule

Dale sokn

10. april kl 16.00 i Stanghelle bedehus, etter gudstenesta

Stammes sokn:

17.april kl. 11.00 Stammes kyrkje etter gudstenesta

Vaksdal sokn:

Sjå utlysing.

Me vil oppmode alle som er engasjerte i den lokale kyrkja om å møte opp!

Kyrkjelova, § 9

Utdrag: (bokmål)

§ 9. Menighetsrådets oppgaver

Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.

Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt. Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon gis av departementet. Avgjørelse om opprettelse av stillinger skal godkjennes av kirkelig fellestråd.

Menighetsrådet medvirker ved utnevning og tilsetning i kirkelige embeter og

stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.

Før vedkommende myndighet treffer avgjørelse, skal menighetsrådet uttale seg om endring i fordelingen av arbeidet mellom prestene i prestegjeld der det er tilsatt mer enn en prest.

Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.

Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges fram for menighetsmøtet, jfr § 10, eller som menighetsmøtet selv tar opp.

Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet.

Menighetsrådet skaffer til veie de opplysninger og gir de uttalelser som departementet eller annen kirkelig myndighet ber om og utfører for øvrig de oppgaver som det til enhver tid er pålagt av Kongen eller departementet.

BASAR I BERGSDALEN KYRKJE

Laurdag 16. april kl.15.00

Inntekta frå basaren går til Misjonsprosjektet / Tibetmisjonen.

Kjartan og Elisabeth Gullbrå er utsendingar
for Tibetmisjonen i Nepal.

Les meir om dei på intenett: <http://home.no.net/kjagull>

FELLES HØGTIDSGUDSTENESTE

1. PÅSKEDAG I DALE KYRKJE

Fyrste påskedag vert det igjen felles høgtidsgudsteneste, denne gong i Dale kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode. Me ynskjer å fylle gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med i forsongarkoret.

Me møtest kl. 09.45 for ein times øving og gjennomgang av det som koret er med på. Repertoaret inneheld ein bibelsk salme, fullstendig gloria, nokre diskantar m.m. ettersom tida strekk til. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

ORGELRESITASJONAR I PÅSKA

I påska har ein høve til å få med seg orgeltonar som ei innleiing til nokre av gudstenestene. Det vert ein liten "konsert" der programmet vil vere prega av pasjonstida. Resitasjonane byrjar ein halv time før gudstenestene.

Det vert orgelresitasjon i:

Vaksdal kyrkje Skjærtorsdag 24. mars kl. 18.30:

Orgelresitasjon ved kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

Dale kyrkje Langfredag 25. mars kl. 10.30:

Orgelresitasjon ved kantor Olav Arne Steinkopf

BLADPENGAR FOR 2005

Det er tid for å minna om bladpengar for Kyrkjebladet for Vaksdal.

Inne i bladet er det ein giroblankett som kan nyttast. Bladet blir sendt til alle husstandar i Vaksdal prestegjeld og nokre einskildabonntar utanom.

Det er frivillig om ein vil betala, men vi vonar sjølvstakt at flest mogleg vil støtta opp om kyrkjebladet vårt. Prisen er den same som tidlegare år – kr 100,-.

Det er også høve til å gje ei gåve til bladet på same giroen.

Vi seier takk til alle som på denne måten stør opp om kyrkjebladet.

ENDRINGAR I PRESTANE SITT ARBEID

Ny tenesteordning for prestar og prostar skal gje betre arbeidstilhøve, til beste for både prestane og kyrkjelydane

For ei tid sia høyrde vi på radioen at det skal innførast "fastpresteordning" i kyrkja vår. Trass i merksemda saka fekk, var nok det heile ei misstyding av noko biskop Hagesæther hadde sagt i eit intervju. Det han hadde meint, var at med den nye tenesteordninga

for prestar som er vedteken, vil til dømes dei som skal ha prest til kyrkjelege handlingar, i større grad kunne vite på førehand kva for ein prest dei får med å gjere. Endringa vert nok mest merkbar i byar og områder der det er mange prestar. Hå oss i Vaksdal, med berre to prestar, vil det for det meste verte som før. Tenesteordninga vert innført etter fleire år med forsøk fleire stader i landet, og målet er betring av prestane sine

arbeidstilhøve til beste for både prestane og kyrkjelydane.


Prestane vil få heile prostiet som tenestedistrikt, men prosten gjer framlegg om å dele vårt prosti, Hardanger og Voss, inn i tre samarbeidsområde. Vi vil då høyre til i eit samarbeidsområde med sokna i

Voss kommune.

Normalfordelinga av oppgåvene er at prestane skal gjere 75 % av tenesta si i dei sokna dei har ansvar for, og resten i andre sokn.

Samarbeidet mellom prestane skal styrkast med teammøte.

Vil du lese meir på internett? Finn fram til www.kirken.no/bjorgvin og leit i menyen der.



Sak på soknemøta

Før den nye ordninga vert sett i verk, skal ho innom sokneråda og soknemøta til uttale. Kva tid det vert soknemøte i dei einskilde sokna, kan ein lese på side 10.

Beredskap for prestane

Hovudsamanslutningane (LO-stat, YS-stat, Akademikerne og UHO) og Moderniseringsdepartementet vart den 24. februar einige om ein særavtale om beredskapsordning for prestar under Kultur- og kyrkjedepartementet. Hovudelementa i avtalen er at det vert organisert ei beredskapsteneste med ein

vakhavande prest på kvardagar frå kl 1700 - 0800 samt i helger og høgtidsdagar. I prinsippet vil heile Hardanger og Voss prosti vere beredskapsområdet for prestane her, men ein må sjå på kva som er praktiske mogleg og tenleg for ordninga før dette vert endeleg bestemt. Vaktordninga skal gjeld frå 1. juli i år.

SKAL DU PÅ LEIR I SOMMAR?



WALLEMTUNET

Å reise på leir er spennende. Man treffer gamle og nye venner, finner på mye moro sammen, og opplever mye sosialt og åndelig på kort tid. Vi vet at sommerleirene på Wallemtunet for mange er et av årets store høydepunkter. Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen. Vi er i gang med planleggingen av en ny leirsesong, som så smått begynner å



nærme seg. I år blir det lagt opp til tre leirer. Tidspunktet for disse blir:

Leir 1: 24.-28. juni, 12-15 år

Leir 2: 28. juni-1. juli, 9-12 år

Leir 3: 1.-3. juli, 7-10 år

Det kan være lurt å melde seg på tidlig, for det kan bli stor pågang. Ta kontakt med Bergens Søndagsskolekrets på tlf. 55312032, eller send en e-post til kretskontoret@bssk.no

Så sees vi i sommer?

Med vennlig hilsen

Bergens Søndagsskolekrets

Kvamseter og Alværa

April

29-01 Fotball leir 4-7 klasse Alværa

Juni

17-19 Besteforeldre/Barnebarn, Kvamseter

23-26 Sommerleir 4-7 klasse, Kvamseter

20-23 Sommerleir 2-5 klasse, Alværa

24-27 Sommerleir 6-8 klasse, Alværa



NMS U

Det Norske Misjonsselskap Region Bjørgvin

Påmelding/spørsmål, ta kontakt med oss

Tlf: 55 31 00 61 eller buabgn@nms.no

Raknestunet

Osterøy

For informasjon og/eller påmelding:

Nordhordland Indremisjon, 5918 Frekhaug:

Tlf: 56 17 70 25 Fax: 56 17 70 27

Epost: nordhordland@imf.no

Raknestunet, 5281 Valestrandfossen:

Tlf og fax: 56 39 42 35

Juni

18-19 Minileir

24-26 Yngstesleir II

28-01 Yngresleir II

Juli

04-07 Yngres dyreleir III

08-10 Yngstes dyreleir III

28-01 Ten-leir II

August

03-07 Ungdomsleir

09-12 Fotballeir

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

16.01 Jonas Stokke Jordalen
27.02 Andreas Bolstad Hesjedal

VAKSDAL

20.02 Olav Solhaug

STAMNES

26.12 Nikita Kleppe Lilletvedt

EIDSLAND

13.02 Oda Hesjedal

VIGDE

VAKSDAL

29.01 Liv Nordmark og
Glenn Skaalevik

AVLIDNE

DALE

24.12 Jenny Prestegård, f.1912
03.01 Jorunn Marie Meland, f.1934
18.01 Otto Berg, f.1930
25.02 Sigrid Vathe, f.1936

VAKSDAL

01.01 Liv Ulveraker, f.1921
05.01 Rolf Landmark Seim, f. 1928
11.01 Johannes Kjøndal, f.1926
03.02 Borghild Thomassen, f. 1918
08.02 Oddrun Marie Blom Bruvik, f.1960
11.02 Aslaug Hagen, f.1923
27.02 Margit Hope, f.1911

BERGSDALEN

17.12 Alise Konstanse Lid, f.1908

EIDSLAND

12.01 Johannes J. Nesse, f.1916

EKSINGEDALEN

21.12 Ingolf Alf Gullbrå, f.1936

NESHEIM

01.02 Oddny Fjellanger, f.1938

KONSERT

VAKSDAL KYRKJE
MÅNDAG 4. APRIL
med St.Sunniva- koret

GOSPELNIGHT
I DALE KYRKJE
Fredag 10.juni

50-ÅRS JUBILEUM
BERGSDALEN
KYRKJE
Søndag 12.juni
frå kl. 11.00

GUDSTENESTE
I DALE KYRKJE
Sundag 12.juni kl. 19.05
i høve Hundreårsmarkeringa
Noreg 1905 - 2005

SOKNERÅDSLEIARAR FOR 2005

VAKSDAL	Karl Boge, 1.halvår Odd Arild Faugstad, 2.halvår
DALE	Eli Kringlebotten
STAMNES	Marit Sandal
BERGSDALEN	Per Småbrekke
EKSINGEDALEN	Esther Gullbrå
NESHEIM	Ingunn Gullbrå

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

Palmesøndag 20.mars kl.10.00 Merk tida!
Høgmesse. Bø.

Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Skjærtorsdag 24.mars kl.18.30

Orgelresitasjon. Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

Skjærtorsdag 24.mars kl.19.00

Høgmesse. Bø. Nattverd.

1.påskedag 27.mars kl.11.00 Sjå Dale kyrkje!

17.april kl.19.00 Tomasmesse.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.

1.mai kl.9.30 Høgmesse.

Bø. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

8.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste.

Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

1.pinsedag 15.mai kl.11. Sjå Stamnes kyrkje!

17.mai

5.juni kl.12.00 Fitjavass-stemna. Bø.

DALE KYRKJE

Langfredag 25.mars kl.10.30

Orgelresitasjon. Olav Arne Steinkopf.

Langfredag 25.mars kl.11.00

Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

1.påskedag 27.mars kl.11.00

Felles høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Søndagsskulen, Bergen krets.

Forsongarkor øver frå kl.9.45

24.april kl.18.00 Ung Messe med konfirmantane i Dale, Vaksdal og Stamnes. Offer til Redd Barna.

1.mai kl.11.00 Høgmesse. Bø.

Offer til Norges Kristne Arbeideres Forbund.

8.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste.

Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

1.pinsedag 15.mai kl.11. Sjå Stamnes kyrkje!

17.mai

Offer til SOS barnebyar

12.juni kl.19.00 Gudsteneste i samband med 100-års markering for unionsoppløysinga. Bø.

STANGHELLE BEDEHUS

10.april kl.16.00 Familiegudsteneste. Bø.

Offer til IKO - Institutt for Kristen Oppseding.

EKSINGEDALEN KYRKJE

Langfredag 25.mars kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste. Bø.

10.april kl.11.00 Høgmesse.

Kvamsøe. Nattverd.

22.mai kl.20.00 Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM KYRKJE

Palmesøndag 20.mars kl.11.00

Familiegudsteneste. Kvamsøe.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.påskedag 27.mars kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd.

Offer til Misjonsprosjektet.

5.juni kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste.

Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

STAMNES KYRKJE

Langfredag 25.mars kl.17.00

Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

2.påskedag 28.mars kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Norsk Misjon i Øst.

17.april kl. 11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Helgetorsdag 5.mai kl.12.00 Vassbakken-stemna ved Vikavatnet i Stamnes. Kvamsøe.

1.pinsedag 15.mai kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Bø og Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Det Norske Bibelselskap.

17.mai

Offer til Sjømannskirken – Norsk kyrkje i utlandet.

22.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste.

Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

19.juni kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.

Nattverd. Offer til Ving.

EIDSLAND KAPELL

Skjærtorsdag 24.mars kl.11.00 Høgmesse.

Bø. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

24.april kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste.

Bø. Offer til Sjømannskirken – Norsk kyrkje i utlandet.

17.mai

Offer til Orgelfondet.

BERGSDALEN KYRKJE

Palmesøndag 20.mars kl.12.30

Sportsandakt i Bergsøyane. Bø.

1.påskedag 27.mars kl.16.00

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.pinsedag kl.20.00 Høgtidsgudsteneste.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Sjømannskirken.

12.juni kl.11.00 Jubileumsgudsteneste.

Feiring av kyrkja sitt 50-års jubileum.

Bø og Kvamsøe. Offer til jubileet.